



## Statens vegvesen

Hammar-Kameratane AS  
Hella 60  
5936 MANGER

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
19/69941-4

Dykkar referanse:

Vår dato:  
08.05.2019

### Tilbakemelding – Dispensasjon – Fv. 409 – Gnr. 24 bnr. 42 – Radøyvegen – Radøy kommune

Statens vegvesen viser til søknad og spørsmål om behandling av avkøyrsla og dispensasjon frå byggjegrænse langs fv. 409. Eigedomen er regulert og det er Radøy kommune som skal behandle søknaden din som dispensasjon frå godkjent reguleringsplan.

Avkøyrsla er allereie bygd og tatt i bruk. Vi kan ikkje sjå å ha mottatt ein slik søknad. Dersom tiltaket ikkje er søkt om er bruken å sjå på som ulovleg inntil tiltaket er godkjent. Vi vil kunne akseptere ei flytting av avkøyrsla dersom det vert sendt inn ein situasjonsplan som er i samsvar med våre krav til utforming, og avkøyrsla vert bygd etter dette. Det må og dokumenterast korleis noverande avkøyrsla skal stengast. Arealet mellom fylkesveg og bustad må og vere avstengt slik at området ikkje vert nytta til parkering eller liknande som kan hindre sikt i avkøyrsla. Vi legg ved ei prinsippskisse som syner kva krav vi normalt stiller til utforming av avkøyrsla ved fartsgrense 50 km/t og forventa bruk av avkøyrsla.

Nå det gjeld dispensasjon frå byggjegrænse for å legge til rette for fleire bueiningar vil vi vere kritisk til dette. Bustaden ligg innanfor byggjegrænse til planen, og det skal vere svært gode grunnar for å fråvike denne. Det er ikkje uvanleg at eldre bustader vert liggande innanfor byggjegrænse. Det er då akseptabelt å vidareføre dagens bruk, men ikkje legge til rette for ny bruk utan at området vert regulert på nytt. Normalt gjev vi ikkje løyve til bygging av bustader nærare enn 15 meter frå vegmidte.

Vi vil til slutt vise til at det er Radøy kommune som er rett planmynde og som skal vedta dispensasjon frå gjeldande plan, både for avkøyrsla og dispensasjon frå byggjegrænse. Vi ber om å få tilsendt saka på høyring saman med kommunen si vurdering av tiltaket.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Plan og forvaltning, Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
faggruppekoordinator


Tone Bøyum  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER

Vedlegg  
Prinsippskisse for utforming


# PRINSIPPSKISSE




Tilsvarende sikt lengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

## Krav til svingradius for avkjørsla :



## Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:



Prinsippskisse avkjørsla